



Soldatar oppstilt på jernbanestasjonen på Furulund i Sulitjelma, 15. april 1918. I forgrunnen ser vi delar av befalsskolesoldatane, mens gardesoldatane er i bakgrunnen. I alt 341 soldatar var utkommandert for å hente dei mest aktive protestantane under Sulitjelma-affæren. I tillegg skulle dei fullbyrde arrestasjonen av Johan Medby, som hadde gått i dekning, først i Sulitjelma, seinare i nabobygda Saltdal. Fleire tilsette i statsjernbanen vart også utkommandert og sett under militær kommando under militærekspedisjonen. Foto: Ukjend / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek



# Johan Medby – Frå «Sulitjelma-affæren» til Lillestrøm

## Johan Medby – From the Sulitjelma affair to Lillestrøm

Steinar Aas

Professor i historie, Nord universitet

[steinar.aas@nord.no](mailto:steinar.aas@nord.no)

### Samandrag

A/S Sulitjelma gruber i Nordland var ein av landets største industribedrifter fram mot 1920 med mellom 1700 og 2000 tilsette avhengig av sesong og konjunktur. Nesten inne ved svenskegrensa i Salten etablerte eit svensk selskap eit stort gruveføretak med ein allsidig aktivitet som kravde store arbeidsstyrkar. Arbeidarane kom frå omlandet rundt og meir langvegs frå, og vart eit kjerneområde for radikalisinga av regionen. Artikkelen tar oss til ein episode som illustrerer denne radikalisinga der det primært var dei lokale fiskarbondesønene frå Nordland som tona flagg. Ein av dei, Johan Medby frå Saltdal, er sentral i forteljinga.

Det som først var meint som ei antimilitaristisk markering i 1917, vart til ein nasjonal aksjon der Staten sette militær- og politimakt inn året etter for å slå ned eigensinnige, radikale arbeidrarar som oppfatta seg sterke nok til å utfordre statens autoritet. Tidlegare har dei meir overordna sidene ved aksjonen vore drøfta. I denne artikkelen søker vi å skildre hendingane frå den nordlandske periferien og å få eit betre bilde av kven dei sentrale aktørane i regionen var. Ved å sjå nærmare på dette miljøet vil ein kanskje også få ei større forståing for korfor desse miljø, så vel som Johan Medby, vart verande blant dei mest radikale i norsk arbeidarrørsle også etter splittinga av Det norske Arbeidarpartiet i 1923.

Artikkelen drar også fram nye sider ved politisk overvakning og militær koordinering av aksjonen. I tillegg viser den sider ved norsk historie vi er mindre stolte av, som sensur, hindring av ytringar og knebling av politiske motstandarar og ikkje minst bruk av politi og militær vald for å slå ned på politisk protest. Historia er eit døme på eit av lågpunkta i nyare norsk historie når det gjeld gjensidig mistillit mellom statsstyret og statens undersåttar.

### Nøkkelord

Antimilitarisme, radikalisme, overvakning

### Abstract

In the beginning of the 20<sup>th</sup> century the mining company of A/S Sulitjelma gruber in Nordland was about to become the largest industrial company in Norway. As many as 1700 – 2000 workers were involved in and around the export of sulphur and copper from the border areas between Nordland county and Sweden. The work force mainly originated from the surrounding area, however some of them also brought impulses from other parts of Europe, mainly Sweden and Finland, and the mining community became a stronghold for radicalism in the region.

The article aims to illustrate the radicalisation process and how the regionally recruited miners became the core of the radicalism. One central figure was Johan Medby, who at first started his political career as an antimilitarist, protesting against conscription during his compulsory military service in 1917. His protest escalated into a national military campaign from the Norwegian authorities, because of local protests among radical workers in Sulitjelma the year after.

In the article one gets a more comprehensive insight into this regional political movement, some of the main actors and why they later became part of the most radical wing in the Labour movement, joining the Communist party, after the split of the Norwegian Labour party in 1923. It also aims to give new insights into the use of political control, with an emerging security police, the use of censorship towards the radical press, radical politicians, and the use of censorship and the suppression of the freedom of speech.

### Keywords

Antimilitarism, radicalism, political surveillance

«Sulitjelma-affæren» i 1918 eller «Medby-saken», som den også vart kalla, er mykje omtalt i historia til norsk arbeidarrørsle.<sup>1</sup> I ein våg av antimilitarisme på nasjonalt nivå var det i Sulitjelma og Sør-Varanger at slaga skulle stå den våren. Mange unge menn såg seg lei på at dei vart tvungne til å avtene verneplikta si midt under den store krigen som rasa på kontinentet, og i nabolandet Russland gjekk det føre seg ei stor samfunnsmobilisering – ein revolusjon. Noreg var prega av krigen og den påfølgande krisa med streng rasjonering av matvarer. Samstundes trakk militærøvingane unge menn bort frå gardane som skulle sikre matforsyninga. Norske styresmakter lukta den raude faren og frykta revolusjon også i Noreg, og protesten vart slått ned med harde middel. 142 mann frå H.M Kongens Garde kom eins ærend dei 1200 kilometerane til Sulitjelma for å ta Medby og straffe støttespelarane hans. Det vart eit nullpunkt i norsk demokratis utvikling. Tilliten mellom vanlege folk og dei som styrte, var på eit lågpunkt, og då forsvar og politi vart sett inn for å slå ned protestaksjonane, vart det tolka som eit overgrep mot vanlege folk. Historikarar som Odlaug, Fure og Bjørnson har løfta fram saka som døme på klassefunnets overdrivne maktovergrep overfor arbeidarklassen. Sentrale aktørar i og kring Youngstorget og leiinga i Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon og Arbeidarpartiet har vore mest framme i lyset.<sup>2</sup> Medby var del av eit større spel, slått ned ved ein militæraksjon, for så å bli mindre synleg. Artikkelen tar sikte på å vise miljøet Johan Medby var del av, og at han representerte ein gjenstridig, sjølvtrygg og radikal arbeidar som tok lagnaden i eigne hender. Ambisjonen er å flytte fokus nordover, følgje Medby og seie noko om det miljøet Medby hadde fått kjenning med i ei formativ fase av sitt liv. I tillegg vil vi følgje han i tida etter episoden, fram til 1924 og splittinga av Det norske Arbeiderparti (DNA) i 1924. Kan vi finne grunnen til at han valte Norges Kommunistiske Parti (NKP) framfor Arbeidarpartiet ved kløyvinga i 1923 i hendingane frå 1917–18 i Sulitjelma? Var det nordlandske gruvemiljøet og Medby del av kjernen i NKP?

## **Arbeidarrørsla og utviklinga av massedemokratiet i ei krisetid**

Hendingane våren 1918 skjedde i ein heilt spesiell kontekst. Verda var i brann. Krigen herja. I løpet av 1918 hadde den russiske statens kollaps ført til innbyrdeskrig i nabolandet Finland mellom «raude», sosialistisk orienterte og «kvite», borgarlege styrkar. Samstundes smitta revolusjonen i Russland over på ei rad andre europeiske land der dei nye radikale ideane spreidde seg som eld i tørt gras. Borgarleg Tidens Tegn publiserte ein karikatur etter hendingane i Sulitjelma med tittelen «bolsjevikerne synger».<sup>3</sup> Den konservative avis Nordlandsposten i Bodø meinte «optøimakerne» i Sulitjelma denne våren hadde blitt påverka av «smitten fra øst» – underforstått at dei ville ha revolusjonen der også. Dyrtida hadde gitt vanlege folk svakare kjøpekraft, mens spekulasjonsøkonomien hadde gjort at skilnaden mellom dei som gjorde store gevinstar på spekulasjonar, og dei som var avhengig av å selje arbeidskrafta si, var himmelropande, ja, faktisk så høg som den aldri har vore før eller sida i nyare norsk historie.<sup>4</sup>

Bjørnson og Fure hevda at aksjonane var meint å skulle skremme arbeidarane frå å bruke revolusjonære verkemiddel, og vitna om at «myndighetene var villig til å gripe hardt inn mot aktiviteter som truet statens autoritet». Hendingane stagga ikkje kritikk frå arbeidarrørsla.

1. Bjørnson 1990; Fure 1983; Zachariassen 1979; Lorenz 1974; Fuglestad 1984; Skogheim 1987; Odlaug 1956.

2. Odlaug 1956; Fure 1983; Agøy 1997; Bjørnson 1990.

3. *Tidens Tegn*, 11. april 1918.

4. Aaberge et al. 2020: 27, 33.

Dei antimilitaristiske stemningane vart snarare styrka, oppfatninga om at militæret var retta mot arbeidarane, vart om enn tydelegare. Bjørnson meinte det styrka forståinga av forsvar som institusjon for forsvar av «det kapitalistiske system og det borgerlige demokrati».⁵ Statens strategi vart den harde linja Fure refererte til. Konfrontasjonspolitikken provoserte fram uro, og då kunne styresmaktene bruke militær makt mot arbeidarane.<sup>6</sup>

Historikaren Fure si fortolking frå 1983 av hendingane i Sulitjelma i 1918 har stått sterkt i historia til arbeidarrørska. Han meinte Sulitjelma-saka illustrerte korleis dei herskande elitane møtte trugsmålet med utviding av demokratiet, og at breie lag av folket no kunne røyste. Det truga maktgrunnlaget til dei tradisjonelt borgarlege hegemoniske elitane. Arbeidarklassen utgjorde eit massivt fleirtal, og med auka politisk medvitet kunne dei organisere seg politisk og fremje sine krav og interesser. Bjørnson står seg òg på Fure si tolking i LO-historia i 1990. Aksjonane mot Sulitjelma-arbeidarane var meint som avskrekking frå revolusjonsforsøk frå styresmaktene. Aksjonane truga statens autoritet. Derfor var dei «villig til å gripe hardt inn». Bruken av militæret mot arbeidarane var først og fremst eit forsvar av «det kapitalistiske system og det borgerlige demokrati», konkluderte Bjørnson.<sup>7</sup>

Fure meinte dei politisk borgarlege elitane hadde to val overfor den utfordrande arbeidarrørska, strategiar som gjekk på tvers av borgarlege partiskilje mellom Venstre og Høgre.<sup>8</sup>

Den ene av disse tendenser la opp til en forsonende og ettergivende politikk. Ved hjelp av vidtgående konsesjoner tok den siktet på å pasifisere og integrere arbeiderbevegelsen i det kapitalistiske samfunn. (...) Den andre tendens ville legge opp til en utfordrende konfrontasjonspolitikk. Den tok siktet på å provosere fram uroligheter blant arbeiderne, som så ville bli slått ned med militær makt.<sup>9</sup>

Den svenske arbeidshistorikaren Björn Horgby lanserte i si tid omgrepssparet «egensinne» og «skötsamhet» i sin studie av arbeidarrørska i Norrköping. Han var inspirert av den tyske historikaren Alf Lüdtke, som lanserte omgrepet «Eigen-Sinn» i studiet av arbeidarklassen og arbeidarane sin «sosiale praksis» på byrjinga av 1900-talets Tyskland. Dei ville skape seg eit eige livsrom for å unngå kontroll. Dei ville omgåast på eigne premiss.<sup>10</sup> Lüdtke lanserte antropologiske inspirerte teoriar for å forklare historiske fenomen, ikkje ulikt det den franske sosiologen Bourdieu gjorde då han lanserte konsept som teoriar om menneskeleg handling.<sup>11</sup> Det handlar om å forstå einskapen mellom «mennesket og dets situasjon, dets ‘væren i verden’».<sup>12</sup> Kan ein finne forklaringar i folks politiske val gjennom å studere bakgrunnen deira, kva kulturell kapital dei innehadde, og kva sosiale felt dei opererte innafor?<sup>13</sup> Kanskje kan nettopp ei slik tilnærming gje nye innsikter? I Norrköping fann Horgby ein arbeidarkultur prega av to «förhållningssätt og livsstilar». Den eine var prega av «skötsamhet», mens den andre vart dominert av dei «bråkiga och uregerliga», dei «egensinnige».<sup>14</sup> Sjølv om Horgby hadde eit meir omfattande siktemål i si analyse av Norrköping, kan vi sjå

5. Bjørnson 1990: 564–565.

6. Fure 1983: 411.

7. Bjørnson 1990: 564–565.

8. Fure 1983: 411.

9. Same stad.

10. Lüdtke 1985; Horgby 1993: 36–38.

11. Eley 1989: 316.

12. Østerberg 1995: 25.

13. Bourdieu 1995, 31–37; Østerberg 1995: 25–27.

14. Horgby 1993: 16, 36–37.

aksjonane i Sulitjelma i eit slikt lys. Her kunne arbeidarkollektivet syne ei nyvunnen sjølvkjensle overfor dei etablerte autoritetane gjennom grunnplansmobilisering der dei utfordra makta. No hadde dei komme så langt i si organisering at dei kunne markere sin kapasitet for både individuelle og kollektive aksjonar. Medby gjennomførte sine individuelle aksjonar, mens kollektivet følgde opp. Dei var villige til å bruke drastiske verkemiddel, i motsetnad til ei meir disiplinert, mindre respektlaus gruppe arbeidarar. Det er slik ein også må forstå synet til arbeidarane på rettsvesenet og ordensmakta. Dei kunne forhandle med denne som dei forhandla med bedrifta eller arbeidsgjevaren. Det var jo fatta «organisationsmæssig beslutning om ikkje at utlevere» Johan Medby til styresmaktene, men «å beskytte ham», skrev den lokale arbeidarpartiavisa i Salten etter hendinga. Det måtte jo alle forstå.<sup>15</sup>

## Mislukka arrestasjon

Konflikten mellom protesterande arbeidarar og maktas handhevarar eskalerte og kom ut av kontroll ved eitt-tida 5. april 1918. Bodøs politimeister Nergaard kom i spissen for ein handfull betjentar med formiddagstoget til gruvesamfunnet Sulitjelma for å hente Johan Medby. Han skulle sone ei fengselsstraff idømt året før for protestaksjonar blant vernepliktige soldatar på Drevjamoen i Vefsn i 1917. Nergaard, hans menn og arrestanten var på veg frå gruva der Medby jobba, til jernbanestasjonen på Sandnes. Alt hadde gått greitt føre seg, men returnen skjedde mens mesteparten av arbeidarane gjekk av formiddagsskiftet. Sjansen for konfrontasjon auka med det. To månader i førevegen heldt fagrørsla i Sulitjelma eit større møte der dei vedtok å ikkje la politiet hente Medby. Dei fann ikkje å kunne utlevere Medby, då «hans straf stod i et slikt skrikende misforhold til det Medby var tiltalt og dømt for». Medby heldt innleiing på møtet, der om lag 500 personar deltok.<sup>16</sup> Den lokale mobiliseringa hadde gått føre seg lenge, og arbeidarkollektivet var konsolidert. Fagorganisasjonane stod sterkt.<sup>17</sup>

Politimeister Nergaard var budd på bråk då han kom til Sulitjelma for å hente Medby denne vårdagen i 1918. Med 2–3000 innbyggjarar var Sulitjelma-samfunnet sentrum i ei gryande arbeidarrørsle. I Sulitjelma stod fagforeiningane sterkt. Kooperasjonen var dominerande, og det syntest som om det var ein grunnleggande solidaritet med dei nye radikale strøymingane frå arbeidarrørsla, som også smitta over på lokalsamfunna rundt. Slik spreidde nye fagforeiningar, partilag og samvirkelag seg til kommunane kring verket òg. Mange i omlandet var i kontakt med Sulitjelma gjennom arbeide der, eller hadde døtrer, soner og menn i gruvesamfunnet.<sup>18</sup>

Den fredelege arrestasjonen oppe i Hanken vart no avløyst av kaos då arbeidarar ferdige på formiddagsskiftet samla seg langs vegen mot stasjonen. Mange kom berre for å sjå på, mens andre var budd på å hindre politiet i deira arbeid. Ein passiv tilskodar, skeideformann Einar Eriksen frå Sandnes, vitna seinare. Han var blant dei «sköttsame» arbeidarane, passiv deltakar til det som skjedde, og forklarte at han kjente til at det «mand og mand imellem» vart sagt at arrestasjonen skulle hindrast.<sup>19</sup> Ved tretida såg han at folk samla seg langs vegen, frå huset sitt på Sandnes. Det kom òg nye flokkar frå gruvesamfunna overfor – både frå

15. *Nordlands Social-Demokrat*, 9. april 1918.

16. *Helgelands Blad*, 22. oktober 1918.

17. Jensen 2020: 135–144.

18. *Bodø Tidende*, 26. oktober 1918; 31. oktober 1918.

19. Statsarkivet i Trondheim (SAT): Bodø politikammer (A-1950), 1/05/L0008, Anmeldelser Salten 40 (Sulitjelma-opptøyene) 127/51. Referat frå Forhørsrettsmøte, Furulund 11. mai 1918, Einar Eriksen, 22.

Fagerli og Jakobsbakken. Ved halvfiretida gjekk han til samvirkelaget, men det var stengt. Ved skolen trefte han ei «klynge mennesker», og såg flokken frå Jakobsbakken samla seg på andre sida av Langvannet før dei gjekk over isen «under hurrarop». Flokken innafor svarte med «hurrarop», og flokken frå Jakobsbakken kom i springmarsj mot Sandnes.<sup>20</sup>

Det vart etterkvart uoversiktleg, for ikkje å seie trugande, for politimeister Nergaard og hans menn. Flokken frå Jakobsbakken kom opp på vegen midt nedfor skolehusa, og det vart sagt at dei skulle halde fram utover, slik at flokkane fekk omringa politiet og Medby. Flokken frå Jakobsbakken vart «kommandert: Holdt» og fekk så ordre om «ikke at slippe politiet forbi». Eriksen fekk ikkje med seg kven som ga ordren, men det var visstnok ein frå Jakobsbakken.<sup>21</sup>

Mens folkemengda stod der, kom ein ung mann springande og ropte at dei skulle «bevæpne sig og ta sten». Oppmodinga vart følgt, og flokken stoppa ved skolen. Så kom det opp éin, kanskje to stokkar i veret, noko som vart oppfatta som eit signal. Flokken frå Jakobsbakken oppfatta det i alle fall slik, for frå den hørte ein rop om at dei skulle ringe politiet inn ved skolehuset. Der «klumpet» flokkane «indenfra og utenfra» seg saman. Eriksen såg først ikkje politifolka, men så straks etter éin, så fleire av dei «falde baklængs inndover et gjærde» på øversida av vegen. Vidare skildra han at politiet «sprang olover bakken, at der blev kastet en masse sten etter dem», og at det vart utveksla slag.<sup>22</sup>

Eriksen såg at politimeisteren «forsøkte at tale til massen», men hørte ikkje kva han sa, på grunn av «skrik og spetakkel». Mens dette pågjekk, vart flokken rundt «meget nærgaaende mot politimændene». Folk stod «tæt indpaa med knyttede næver», forklarte Eriksen.<sup>23</sup>

Ein av dei første sikta i saka var ein ung lærarson frå nabokommunen Beiarn, arbeidaren Reidar Karlsen. Han hadde to års fartstid i gruvesamfunnet og var medlem i «Brandfaklen». Det var truleg ein grunn til at han var blant dei første arresterte etter opptrinnet. Han skulle avvæpne ein lokal hjelpepolitimann i aksjonen.<sup>24</sup> Han var dessutan mellom dei mest aktive under «frigjevinga» av Medby. Ein sambygding av Karlsen – Einar Moen – vart innkalla som vitne. Han var saman med Karlsen i folkehavet og stadfesta at det vart ropt at «politiet skulde avvæbnas». Moen skildra deretter to ukjente menn «i arbeidsklær» som sprang mot ein væpna politimann og tok «revolveren fra ham». Moen kjente dei ikkje.<sup>25</sup> Han stod vel ein meter frå politimeister Nergaard. Karlsen var nærmare. Nokre andre stod rundt politimeisteren, og ein av dei fiska revolveren ut av lomma hans. No hadde dei hand om revolveren, og situasjonen var spent. Moen hevda at det vart sagt at «nu skyt vi politiet», og at det var Reidar Karlsen som redda situasjonen ved å sprette fram og rope «hit med revolveren». I ein rask manøver fekk han tak i revolveren for så å fyre av eit skot i lufta.<sup>26</sup>

Det heile kulminerte der. Politimeisteren skjønte at her var det berre å trekke seg ut. Medby var dessutan fordulta. No handla det om å komme seg heim uskadd. Einar Eriksen forklarte at det blant arbeidarane ikkje var klart om det skulle «aapnes vei for politiet». Men det vart etterkvart gitt leide for politiet. Ikkje alle arbeidarane likte det, noko dei ga uttrykk for ved å kaste Stein etter politifolka.<sup>27</sup> Hendinga vart seinare skildra i karikaturteikningar i

---

20. Same stad, 22-23.

21. Same stad, 23.

22. Same stad, 24.

23. Same stad, 24.

24. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Referat frå Forhørsrettsmøte, Furulund 11. mai 1918, Reidar Karlsen, 2–3.

25. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Referat frå Forhørsrettsmøte, Furulund 11. mai 1918, Einar Moen, 30.

26. Same stad, 31.

27. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Referat frå Forhørsrettsmøte, Furulund 11. mai 1918, Einar Eriksen, 24.

hovudstaden, både i Hvepsen og Tidens Tegn.<sup>28</sup> Ein av dei tiltalte i saka, arbeidaren Johan Thoresen, hadde tydeleg uttrykt overfor politiet at det var folkets vilje at ordensmakta var uønskt i Sulitjelma, og «folkeviljen» skulle ein ikkje setje seg opp mot.<sup>29</sup>

Hendinga gjekk ikkje upåakta hen, og i rettssaka om episoden i Bodø i oktober 1918 var i alt 13 arbeidarar tiltalt for å ha deltatt i «medvirkning i befrielsen av Johan Medby», «vold mot politiet» og/eller «deltakelsen i folkehopen som opptraadte mot politiet».<sup>30</sup> Det stunda dessutan mot stortingsval, og no skulle det statuerast eksempel. Redaktören i arbeidaravisa i Bodø, Edvard Jørstad, hadde støtta aksjonen og Medby verbalt, og han var førstekandidat for Ap til stortingsvalet. Med rettssaka stempla styresmaktene og dei borgarlege partia både han, redaktørane Kaasmoli i tromsøavisa Nordlys og Martin Tranmæl i Ny Tid i Trondheim som kriminelle. I løpet av hausten måtte Jørstad sone ein dom på 24 dagars fengsel for å ha ytra støtte til arbeidarane gjennom Nordlands Social-Demokrat. Presse- og ytringsfridomen hadde därlege vilkår, og både borgarpressa og den liberale pressa applauderte for at straffelova vart brukt for å straffeforfølgje ytringane. Dei var ikkje verna av Grunnlovas krav om presse- og ytringsfridom.<sup>31</sup>

Då det stunda mot val den hausten, var det også godt for den borgarlege pressa i Bodø å gå laus på sosialistrepresentanten Jørstad. Valet stod mellom «revolution» ved hjelp av «brutal maktanvendelse» av sosialistar, eller jamt framsteg med mål om den «bedst mulige samfundsordning».<sup>32</sup> Andre borgarlege veljarar minna stadig kvarandre om at Jørstad var «bolsjevik av det reneste vand» som brukte bladet sitt til å stå i direkte samband med «bolsjevikerne i Rusland», som vart skulda for både «mordgjerninger» og «at avkristne vaart land».<sup>33</sup>

Saka var også ein viktig prøvestein for den politiske overvakkinga i Noreg, og verkemiddel som telefon-, post- og telegramssensur vart praktisert overfor dei radikale kreftene for å hindre dei. I tillegg var det spionar sett ut for å få tak i informasjon om kva som gjekk føre seg i gruvesamfunnet. Påtalemakta interesse for tre aktivistar frå dei sosialdemokratiske ungdomslaga Branfaklen og Lyn kan tyde på at det alt hadde gått føre seg ei viss politisk overvakning der politiet var særleg interesserte i desse miljøa. Her spelte også bedrifa ei viss rolle ved at materialforvaltaren Eivind Sandnes også fungerte som politibetjent i gruvesamfunnet. Nokre av arbeidarane nøytraliserte Sandnes under arrestasjonen 5. april ved å fysisk halde han borte frå arrestanten.<sup>34</sup> Kona til Sandnes, Kristianne, forklarte seinare om det som skjedde då mannen var angripe av arbeidarane:

De brakk ham baklengs nedover mot havegjerdet og la ham over dette. (...) Hun sprang ned i haven for at hjelpe sin mann. Hun ble dratt til side av en mann som grep henne i armen og sa at her hadde hun intet at gjøre. Hun kjente ikke denmann som grep henne i armen. Da hennesmann kom hjem om aftenen talte de om dagens begivenheter. Hennesmann nevnte herunder at Bernhard Nymo var den eneste han hadde kjent av dem som hadde tatt fat på ham oppe i trappen og i haven. Sådan som hennesmann ved denne anledning beskrev Bernhard Nymos utseende trodde vitnet at det var den samme mannen som hadde greppt fatt i henne.<sup>35</sup>

28. *Tidens Tegn*, 11. april 1918.

29. *Bodø Tidende*, 31. oktober 1918.

30. *Helgelands Blad*, 24. oktober 1918.

31. Aas 2020: 33–34.

32. *Nordlandsposten*, 9. november 1918.

33. Same stad.

34. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Referat frå Forhørsrettsmøte, Furulund 11. mai 1918, Vognild og Lind Larsens vitnemål, 9–11.

35. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Referat frå Forhørsrettsmøte, Furulund 11. mai 1918, Kristianne Sandnes, 20.

Då den militære ekspedisjonen kom til Sulitjelma 15. april, var Sandnes med på dei første arrestasjonane.<sup>36</sup>

## Nye tiltak mot Sulitjelma

To dagar etter hendingane i Sulitjelma sette Justisdepartementet hardt mot hardt. Opptøyane truga statens autoritet, og ein militær ekspedisjon på til saman 341 spesialplukka mann frå Garden og underoffiserskolane i Trondheim og Harstad vart forsterka av ti politibetjentar under leiing av politiinspektør Anton Eriksen frå Justisdepartementet. Statsjernbanen utkommanderte dessutan eigne vernepliktige jernbanefolk for transporten av militærekspedisjonen frå Oslo til Trondheim.<sup>37</sup> Ved å beordre meinige jernbanefolk unngjekk dei at arbeidarane sine eigne organisasjonar sette i verk aksjonar for å hindre at jernbanearbeidrarar vart utsett for sosialt press internt i jernbanen viss dei meldte seg frivillig. I eit pro memorandum hos Kommanderande General før aksjonen vart dette uttrykt slik: «De personer som i tilfælder frivillig vilde paata sig dette hvert, vil kunne bli utsat for langt større ubehageliheter – især etterpå – end om de har været beordret til at utføre den samme tjeneste».<sup>38</sup> Den militære beordinga og at jernbanearbeidrarane var uniformerte i militær uniform, ville dessutan føre til at dei ville vere «beskyttet av sin uniform» og slik sett ikkje ville bli kjende att som jernbanemenn.<sup>39</sup> Det var elles planlagt frå den øvste militære leiinga i Noreg at «pålidelig underordnet jernbanepersonell», i alt 16 personar, ville bli plukka ut blant dei tilsette i «Kristiania distrikt og Hovedbanen».<sup>40</sup>

Fure fortel korleis det provoserte arbeidarrørsla at vanleg norsk ungdom, vernepliktige soldatar, ikkje vart sett som skikka til å delta i aksjonen.<sup>41</sup> Redaktør Olaf Scheflo i Social-Demokraten i Oslo tolka det som eit prov på at styresmaktene hadde gitt opp ideen om ein nasjonal vernepliktshær bygd på deltaking frå allmugen. Dei ville alltid til sjunde og sist støtte seg på ein «mer homogen klassehær», ein «ganske faatallig men desto mera homogen og kampdyktig armé» som kunne «kjempe mot vaabenløse arbeidere» med «kastebomber, maskingevær, kanoner».<sup>42</sup>

Borgarlege Nordlandsposten i Bodø bedyra at ekspedisjonen var «civil», men av Kommanderande Generals arkiv er det liten tvil; mappa der notata om ekspedisjonen ligg, har fått namnet «Mil. ekspedition til Sulitjelma 1918».<sup>43</sup> Det gjorde at ein også kunne utøve militær sensur for å hindre at sosialistavisa i Bodø omhandla hemmelegstempla informasjon om ekspedisjonen då den var underveis. 12. april var ei sak tatt ut av avis «ifølge ordre fra politiet», som tydeleg må ha overvaka avis og i tillegg drive førehandssensur.<sup>44</sup>

Då «klassehæren» kom til Sulitjelma, var det som ein strengt hemmeleg aksjon koordinert av Kommanderende General i Forsvarsdepartementet, Justisdepartementet, i samarbeid med Fylkesmannen i Nordland. Sentral i denne aksjonen var Kristianias politiinspektør Eriksen, som vart konstituert politimeister i Bodø under aksjonen.<sup>45</sup> Eriksen var ingen kven

36. *Dagbladet*, 23. april 1918.

37. Bjørnson 1990: 560–565.

38. Riksarkivet (RA): Forsvaret, Generalstab I (RAFA-3020), Y002-L0057, «P.M. vedrørende opsætning av ekstratog Kria – Trondhjem 12/4 og avgivelse av jernbanepersonel», 3.

39. Same stad.

40. Same stad.

41. Fure 1983: 410.

42. *Social-Demokraten*, 17. april 1918.

43. *Nordlandsposten*, 16. april 1918.

44. *Nordlands Social-Demokrat*, 12. april 1918.

45. *Trøndelagen*, 18. april 1918.

som helst. Han hadde fått status som konsulent i departementet då han vart nyutnemnt nasjonal passjef ved Centralpaskontoret ved innføringa av passtvang for alle utanlandske statsborgarar i 1917. Det var ikkje å undrast over at han særleg var ute etter utlendingar i Sulitjelma. Justisdepartementet og Generalstaben hadde alt tatt til å bygge opp den politiske overvakinga på dette tidspunktet, og Eriksen var sentral i dette arbeidet.<sup>46</sup> Den 24. april rekna justisdepartementet aksjonen som gjennomført. Dei mest toneangivande aksjonistane frå den 5. april var arresterte. I alt vart 21 mann transportert til Bodø kretsfengsel. Minst ti finnar og også fleire andre utanlandske arbeidarar vart dessutan utvist frå landet. Medby var på si side fordufta.<sup>47</sup> I ly av nattemørket gjekk han over fjellet på ski dei vel tre mila frå Jakobsbakken til Bottenvatn i nabokommunen Saltdal. Med seg hadde han ein kjentmann frå fagforeininga på Jakobsbakken, Karl Bottenvann, men det gjekk berre nokre dagar før politiet i Saltdal henta Medby der, utan særleg dramatikk. Flukta over fjellet til Saltdal var planlagt i minste detalj og i fullstendig løynd. Det var nemleg kjent mellom arbeidarane i Sulitjelma at det kunne vere angivarar eller spionar plassert ut i gruvesamfunnet.<sup>48</sup>

### «Sulitjelma-saken»

Møtet i februar 1918 syner at miljøet i Sulitjelma verken venta på nasjonale direktiv før dei handla, eller tenkte seg at dei hindra dei med valdsmonopol i å utføre det som var vanleg handlemåte i ein rettsstat. I tråd med tankane om si nyvunne makt såg det ut til at arbeidarane og organisasjonane deira såg for seg at ein også kunne forhandle om vedtak gjort i retten. Slik forklarte ein av representantane frå dei mest eigensinnige arbeidarane frå det sosialdemokratiske ungdomslaget Brandfaklen, Bernhard Nymo, seg i retten seinare. Han forklarte at tanken var å få til «forhandling» og å «faa straffen opphevet eller forminket».<sup>49</sup>

Ein kan saktens tenke seg at det var kontakt mellom gruvesamfunnet og Oslo eller også med Martin Tranmæl i Trondheim. Hans «Trondhjems-resolution» hadde sterkt nedslag blant gruvefolket i Nordland. Den såkalla «Fagoppositionen av 1911» hadde styrka deira eigensinne i ei årrekke.<sup>50</sup> Her spelte Norsk Arbeidsmannsforbund sine foreiningar og dei nyleg etablerte sosialdemokratiske ungdomslaga ei sentral rolle. Sulitjelma stod i fleire år i direkte kontakt med Tranmæl, som sjølv brukte «fagoppositionen» til å bygge ein maktabase ved hjelp av blant anna gruvearbeidarane i Nordland. At det var innført post-, telefon- og pressesensur under militæraksjonen i Salten, tyder på at det kan ha vore eit ønske frå styresmaktene om å hindre kontakt og koordinerte motaksjonar mellom ulike delar av arbeidar-rørsla.<sup>51</sup>

46. *Dagens Nyt*, 8. september 1917. Selliaas (1982) skriv mellom anna om det politiske politiet som voks fram kring 1914, der «Fremmedkontoret» var ein sentral institusjon i seinare utvikling av etterretnings- og overvakingsnesta til politiet. Johansen (1982) har også lagt vekt på Generalstaben og Forsvaret si rolle i den same etterretninga, særleg knytt til garnisonsstadene og vernepliktsøvingane i denne perioden.

47. Fure 1983: 410.

48. Bottenvann 1935.

49. *Helgelands Blad*, 26. oktober 1918.

50. Bjørgum 1976: 64, 100.

51. *Nordlands Social-Demokrat*, 15. april 1918.



Nordlandsposten i Bodø kalla dei tiltalte etter Sulitjelma-opprøret for «lovløshetens talsmend». Foran fra venstre: Eivind Larsen, Johan Thoresen, Justin Rødaas, Johan Medby, Bernhard Nymo, Adolf Cornelius Berntsen og Reidar Karlsen. Bak fra venstre: Hilmar Hjemaas, Johan Kristoffersen, Hilmar Vatnan, Paul A. Petersen Baadsvik, Olav Vognild, Ole Edvardsen Simsø, Martin Meisfjord og Isak Laksaabak. Karlsen, Nymo og Meisfjord vart rekna som dei mest aktive i opprøret i Sulitjelma og vart dømte til fengselsstraff i 50 (Karlsen) og 60 dagar (Meisfjord og Nymo). Laksaabak, Thoresen og Simsø vart alle frifunne i rettssaka, medan dei resterande fekk mellom 30 og 40 dagar lange fengselsstraffer. Foto: Ukjend / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

Antimilitarismen var del av denne radikalismen. Eit vitne etter aksjonane i mai 1918 forklarte at det hadde vore tilskipa eit møte i Ny-Sulitjelma tidlegare i 1918 der Johan Medby og ein annan militærnektar, den kjente syndikalisten Ewald Brændheim, heldt innlegg. Sistnemnte, ein kjent agitator frå Rjukan og alliert med Tranmæl, kom frå Norsk Arbeidsmandsforbund, forbundet som organiserte anleggs- og gruvearbeidarane. Brændheim kritiserte den «sentralistiske organisasjonsformen» og var tilhengar av meir direkte, lokal aksjon, fri for kontroll av partileiing eller fagrørslas leiing på Youngstorvet i hovudstaden.<sup>52</sup>

Det var under dette møtet vedtaket om å ikkje «tillate Medbys utlevering» vart gjort.<sup>53</sup> Ein av dei fagorganiserte, Reidar Karlsen, hevda at ti av elleve avdelingar av Norsk Arbeids-

52. Dahl 1983: 306. Brændheim var ein kjent skikkelse i Norsk Syndikalistisk Federation utover på 1920-talet, sjå *Alarm*, 21. januar 1921, til dømes.

53. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Utsagn frå møtet i Bodø 6. mai 1918, Reidar Karlsen, 4.

mandsforbund i Sulitjelma vedtok å stoppe politiet.<sup>54</sup> Ein annan arbeidar, Bernhard Nymo, fortalte om tre aktive sosialdemokratiske ungdomslag, som påtalemakta òg var særleg interessaert i å kople til statsundergravande, kriminelle handlingar. Eit lag var «Lyn», eit anna Sulitjelma Ungdomslag, mens ungdomslaget «Brandfaklen» vekte størst interesse frå påtalemakta. Namnet tilsa at laget skulle setje fyr og skape loger. Saka vitnar om politisk overvaking i Sulitjelma og at denne foreininga var rekna som mest toneangivande.<sup>55</sup>

Siktemålet med møta var ifølgje Bernhard Nymo å sikre ein samla front frå dei ulike arbeidsplassane og avdelingane, og å konsolidere arbeidarane om at Medby var «for strengt dømt». Dei ville som nemnt også forhandle om å omgjere straffa for «om mulig at få Medbys straff nedsett».<sup>56</sup> Trua på eiga kraft og verknadene av lokale aksjonar var med andre ord stor. Dei stod over den militære domstolen, og det var Nymo sjølv som signerte vedtaket då det vart oversendt politimeisteren i Bodø den 31. januar 1918. Politiet måtte rekne med at fagforeiningane i Sulitjelma ville hindre utlevering av Medby. Nymo vart diktert av ein annan arbeidar, Martin Meisfjord, som saman med Nymo seinare vart omtalt i Norges Kommunistblad som to som hadde stått «i spissen for organisasjonsarbeidet» i Sulitjelma, og var sentrale i Sulitjelma Fagorganisasjon også ved 20-årsjubileet i 1927.<sup>57</sup>

Det var brevet frå Nymo og Meisfjord som vart lese opp på massemøtet den 3. februar, og dei frammøtte vart beden om å seie frå om dei var ueinige i det, noko ingen var. Brevet vann «alminnelig tilslutning», rett nok utan «votering» eller «resolusjon».<sup>58</sup>

## **Anti-militarismen som drivstoff for radikalisme**

Norges socialdemokratiske ungdomsforbund fremja òg antimilitaristiske haldningar som vart spreidd med omreisande agitatorar, og dei var i fokus for overvakkinga frå forsvaret og politiet. Agitasjonen for «det brukne gevær» vart òg tatt opp i ulike fora, og ungdomsforbundet sitt program mana til «kampen mot militarismen» og eit revolusjonært program for å fjerne krigens årsak, «kapitalismen», ved «vernepliktsstreik» og «militærstreik».<sup>59</sup>

I ein artikkel i medlemsbladet til Norsk Arbeidsmandsforbund, *Arbeidsmannen*, ved 30-årsminnet for aksjonane i 1918 forklarte Medby om det som utløyste engasjementet deira i 1917. Fleire unge menn hadde nemleg deltatt på ei antimilitaristisk markering før avreise til moen på Rognan i Saltdal den 12. mai 1917. Her fekk dei høre ein appell frå den lokale radikalaren Lars Næss, frå nabokommunen Beiarn (fødd 1889). Han representerte den klassiske nordnorske arbeidarpioneren og var omreisande smed både i Sulitjelma og i gruvene i Birtavarre i Kåfjord i Troms, før han kom til Rognan i 1916. Han dreiv smie her først saman med ein kompanjong, seinare åleine. På 70-årsdagen til Næss i 1959 heitte det at han alltid hadde stått «på den radikale venstre fløy» i arbeidarrørsla, med verv både i kommune og i samfunnslivet elles. Næss gjekk inn i NKP etter splittinga i Arbeidarpartiet i 1923 og stod seinare på NKP-listene til lokal- og stortingsval.<sup>60</sup>

Den same Næss dekte samstundes møtet på Rognan for Nordlands Social-Demokrat, og han var innleiar der rekruttane med Medby var samla før dei for med båten til Dreyjamoen i

54. Same stad.

55. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Utsagn frå møtet i Bodø 6. mai 1918, Benjamin Nymo, 6–7.

56. Same stad.

57. *Norges Kommunistblad*, 28. februar 1927.

58. SAT: A-1950, 1/05/L0008, Utsagn frå møtet i Bodø 6. mai 1918, Benjamin Nymo, 7–8.

59. Torgeirson & Hansen 1918: 68–69.

60. *Arbeidsmannen*, nr. 7/8 1959; *Friheten*, 28. september 1928.

Vefsn for å avtene verneplikt. Innlegget hans handla om ein «stormende dag» og var ei oppmading til dei unge om å handle ut frå det som «tjente landet og folket bedst».<sup>61</sup> Militarismen var «landets kræftbyld». Dei skulle heller vore heime og hjelpe jordbruksfamilien framfor å dra til «eksersisen». Næss nemnte også «nogen ord om militærbevilningerne, og hvad som var av størst interesse for folket». Det var av større nasjonal nytte at «folket fulgte regjeringens opfordring og gik igang med større dyrkning jorden» enn at de drog til militærekspedisjonen for å lære å «ødeleøgge den».<sup>62</sup>

Det ville komme til eit slag den våren, og rykta spreidde seg i arbeidarpresse i Nordland. Frå Mo i Rana kom rykte om at rekruttane som drog 16. mai oppmoda Landsorganisasjonen om å kalle saman til ekstraordinær kongress for å ta opp «krigsaktivismen og militærgalskapen».<sup>63</sup>

Medby mintest sterkt motstand mot å dra blant dei unge, men at dei likevel drog, noko som også var i tråd med haldninga NKP seinare valte på Lenins oppmading. Alle proletarar hadde godt av å kunne handtere våpen. Medbys plan var å organisere motstanden i ein «samlet aksjon» når alle rekruttene kom sammen på ekserserplassen. Dei skulle drive «illegal» verksemd med utgangspunkt i Medbys kompani.<sup>64</sup> Helgelendingane var aktive i det borgarlege Helgeland Blad i Sandnessjøen kalla «Drevjen-staaket». Då det seinare vart reist krigsrettssak mot dei 41 ivrigast streikande, var det seks frå Salten og 35 frå Helgeland.<sup>65</sup> Fauskeværingane og mo væringane dominerte, men saltdalingen Medby og hans medmansvorne Martin Kr. Lorntsen frå Meløy vart sett som leiarar. Blant anna hadde dei to agitert for å få soldatane til å forlate tenesta på Drevjamoen mellom 17. mai og 3. juni.<sup>66</sup> Dei to fekk den stengaste straffen – fem månaders fengsel.<sup>67</sup> Straffeutmålinga elles varierte mellom 120 dagars fengsel (to tiltalte), 60 dagar (fire tiltalte), og 21–30 dagars fengsel (33).<sup>68</sup>

Medby fortalte seinare om dei sigurrike aksjonane:

Flere hundre mann samlet seg til demonstrasjon under revolusjonære paroler og tok til å marsjere bort fra plassen. Stemningen var båret av handlingsvilje, men gutta var simpelthen for utkjørt til å kunne greie marsjen nedover til dampskipssstedet. Vi var ikke kommet mange hundre meterne, før det tok til å vakle i rekkene. Offiserenes formaninger gjorde vel også sitt. Det første forsøket på aksjon endte med veritabelt tilbaketog.<sup>69</sup>

Motstandsfronten mislukkast, men Medby såg lyst på det og heldt stadige soldatmøter ute i terrenget for å halde oppe antimilitaristiske haldningar. Medby skjønte «militærstreik» var til litra nytte, så planane vart endra. Det skulle skje ein «kraftig antimilitær demonstrasjon» i staden, og det vart spreidd handskrivne rundskriv i leiren.<sup>70</sup> Så kom den store markeringa – ein lys, varm, nordlandsk sommarkveld den 19. juli 1917:

61. *Nordlands Social-Demokrat*, 23. mai 1917.

62. Same stad.

63. *Nordlands Social-Demokrat*, 16. mai 1917.

64. Medby 1948.

65. *Dunderlandsdølen*, 22. august 1917.

66. *Helgelands Blad*, 16. august 1917.

67. *Ranens Folkeblad*, 23. august 1917.

68. Same stad.

69. Medby 1948.

70. Same stad.

Fra brakker og teltleirer toget mannskapene ut på plassen, hver mann bærende gevær med påsatt bajonett. Under ildnende hurrarop ble det formet til tog, og syngende «Internasjonalen» og andre revolusjonære sanger gikk hele regimentet i demonstrasjon rundt plassen – rett for øynene på det forbløffede og forferdete befalet.<sup>71</sup>

Det vart ropt både «ned med militarismen» og «leve revolusjonen», og då rekruttane hadde reinsa lufta, fall det heile til ro. Medby vart så henta til forhøyr hos kompanisjefen og sendt til forvaring i Bodø kretsfengsel etter 20 dagar i militær vaktarrest.<sup>72</sup> I 1918 publiserte Medby sitt anti-militaristiske manifest. Han var «en inkarnation av hat mot det samfundssystem, som med staten i sin venstre hånd og militarismen i sin høire» skapte storbyens og industristadenes «skarer av fillete og forsultne huløiede smaabarn».<sup>73</sup> Kva var vitsen med forsvaret, spurte han. Det var jo berre noko som «sønderriver millioner livsglade ungdoms liv ute paa slagmarkene»; krig og militarisme hadde fått han til å hate eit system som «nedtrampet millioner av livshaap og idealer» og dreiv menneskeheita ut i fattigdom og elendigheit på det mest avskylege vis.<sup>74</sup>

Etter dom på fem månaders fengsel vart Medby gåande å vente på soning av straffa fram mot nyåret 1918. Under ventetida på soning i heimbygda ringte Medby ein ingeniør i Sulitjelma for å høyre om dei trond arbeidskraft. Då hadde Medby livnært seg som omreisande anleggs- og gruvearbeidar i Hardanger, Bergen, på Karmøy og i kraftanlegget ved Høyanger, så ingeniøren ville få ein erfaren arbeidar. Medby skulle berre møte i Hanken gruve i Sulitjelma, der dei trond ein minerar, svarte ingeniøren. Her var det politimeister Nergaard henta han i april 1918.<sup>75</sup>

I tida mellom dommen i august 1917 og nyåret 1918 påverka internasjonale forhold stemningane ytterlegare. Revolusjonsstemninga spreidde seg, gjerne med soldatar i hovudrollene, som i Tyskland og Russland.<sup>76</sup> Dommane vekte samstundes sterke reaksjonar i arbeidarrørsla, og det sementerte berre motsetningane. Bolshevik-revolusjon i Russland inspirerte arbeidarrørsla og skremte dei borgarlege kreftene tilsvarande. Inspirert av Oktoberrevolusjonen i 1917 etablerte arbeidarrørsla i Narvik, Mo i Rana, Fauske og Saltdal eigne arbeidarråd i midten av mars 1918.<sup>77</sup> Frå Sulitjelma kom det bod om at dei skulle slutte seg til «arbeider og soldaterraadsbevægelsen», på eit massemøte i april 1918.<sup>78</sup> Den politiske overvakinga av desse miljøa tok til å gripe om seg.<sup>79</sup> Då gardetroppane kom med jernbanen til Trondheim, vart det også konfrontasjon på bryggene der soldatane skulle lastast over i skipa som venta.<sup>80</sup> Forsvaret hadde tatt dei aller mest alvorlege førehandsreglar og frykta at det ved tre jernbanebruene inn til Trondheim var venta at det kunne komme til sabotasjeaksjonar frå venstresida, og det vart sett ut «brovagter» for å halde bruene under oppsyn mellom Støren og Trondheim på fem stader: Selsbakk, Okstadøy, Rosten, Gulfos og Støren.<sup>81</sup> Då Garden var på veg til Sulitjelma, uttalte ein tillitsmann frå fagrørsla i Sulitjelma at det heile kom til å ende med «blodbad», i det som kunne bli ei «Sinclairreise». Det var det legendariske «skot-

71. Medby 1948.

72. Strøm 1986: 78–80.

73. *Nordlands Social-Demokrat*, 29. mai 1918.

74. Same stad.

75. Medby 1935.

76. Carr 1991: 236ff; Merriman 2010: 932ff.

77. Rønnebu 2020: 99.

78. *Social-Demokraten*, 13. april 1918.

79. Johansen 1982: 14; Selliaas 1982: 62.

80. *Trondhjems Adresseavis*, 13. april 1918.

81. RA: RAFA-3020, Y002-L0057, «Brovagter mellom Støren og Trondhjem».

tetoget» – der 300 skotske leigesoldatar vart utradert av ein lokal styrke ved Kringen i Sel i Gudbrandsdalen i 1612 – som var referansen.<sup>82</sup>

## Første norske journalist i Sovjetunionen

Det var kommentarane til fengselsopphaldet til Medby som førte til at dei tre avisredaktørene Kaasmoli (Nordlys), Tranmæl (Ny Tid) og Jørstad (Nordlands Social-Demokrat) også vart straffa. Jørstad meinte fengselsopphaldet kom til å knekke Medby og Jørstad måtte i fengsel for den ytringa.<sup>83</sup> Medby overlevde derimot opphaldet i Kabelvåg, og starta så eit nytt avsnitt i karrieren. Peder Kaasmoli engasjerte Medby til eit journalistisk oppdrag til det kommunistisk kontrollerte Russland i 1919–20. Kaasmoli var sjølv frå Skjerstad i Salten, og hadde òg vore innom gruvene i Sulitjelma før redaktørjobben i Tromsø. No ville han vite om livet i Russland etter at dei vestlege styrkane hadde blitt kasta ut av Murmansk på nyåret i 1920. Der hadde dei deltatt i innbyrdeskrigen på kvit side mot dei raude. Medby reiste til Vardø for å få vere med den russiske slepebåten Stroitel, som skulle til Murmansk torsdag 11. mars 1920. Han skulle bli den første norske journalisten som reiste inn i det bolsjevik-kontrollerte Murmansk etter revolusjon, borgarkrig og vestleg militær innblanding.<sup>84</sup>

Stroitel hadde blitt kapra av flyktande styrkar og ført til Noreg saman med ruteskipet Lomonosov og marinefartøyet Kuzma Minin under opptøyane i Murmansk 21. februar 1920. Mens Kuzma Minin og Lomonosov tok med seg sine flyktingar og flykta sørover, vart Stroitel igjen i Vardø og venta på retur til Murmansk.<sup>85</sup>

Medby skreiv for Nordlys, og arbeidarpresssa publiserte artiklane, blant dei Scheflos Social-Demokraten i Oslo. Her var skildringar av den humanitære krisa i Murmansk, særleg følgene av krigshandlingane. Han gjekk frå sjukestue til sjukestue og skildra følgene av krigen. Både dei kvite – anti-revolusjonære – styrkane og dei vestlege inntrengarane fekk det glatte lag. Medby var dessutan imponert over organiseringa av det nye Russland. Det var «intenst travelhet og liv» overalt og «begeistring og daadstrang».<sup>86</sup> Totalinntrykket var «liv, begeistring og intens virksamhet». Han var overtydd om at det var fordi det nye styret «hadde befolkningen med sig». Her var «sikkerhet, fasthet og jernhaard disiplin i alle forhold. Det var iønefaldende nok».<sup>87</sup>

Etter ei knapp veke kom Medby tilbake i Vardø med Stroitel.<sup>88</sup> Det vart ikkje hans siste tur til Russland/Sovjetunionen. Alt sommaren 1920 reiste han saman med tre andre frå Norges Socialdemokratiske Ungdomsforbund på Den kommunistiske internasjonale andre kongress i Moskva. Med seg hadde han då seinare partisekretær i Arbeidarpartiet, Alfred Madsen, Sverre Krogh og ein av dei ungdommane som seinare skulle få ein enno meir framskote plass i partiet, Einar Gerhardsen. Dei var unge, lovande radikalarar som partileiinga i Arbeidarpartiet trudde på.<sup>89</sup> I mange framstillingar av hendingane kjem Johan Medby bort, både fordi han blir kalla «Medbye», og fordi han har fått fornamnet «Hans».<sup>90</sup> Arild Bye

82. Mardal & Opsahl 2021; Hodne 2006; *Social-Demokraten*, 13. april 1918.

83. Lundestad 2013; Aas 2020.

84. *Finnmarken*, 8. mars 1920. Rett nok var også vardøværingen Gotfred Hølvold med på turen. Han vart seinare redaktør for NKP-avisa *Finnmark Fremtid*, men han var ikkje i Murmansk som journalist.

85. Mørck 2015.

86. Medby 1920.

87. Same stad.

88. *Finnmarken*, 18. mars 1920.

89. *Social-Demokraten*, 23. august 1920.

90. Til dømes er han Hans i Sundvall 2016: 284; Medbye i Ottosen 2010: 39; Nag 2004: 45; Bye 2018: 176, 196–197, 554.

kallar han Tromsø-journalist, då han reiste til Moskva denne sommaren og det trass i at han representerte Norges Socialdemokratiske Ungdomsforbund på denne reisa.<sup>91</sup>

På mange vis vart Gerhardsen Medbys motstykke. Han skildra denne reisa til Russland med andre briller enn Medby seinare. Rett nok var turen dit i 1920 ein «eventyrlig opplevelse», men han var ikkje imponert over eit Murmansk prega av «invasjonskrigen». Gerhardsens røyndomsforståing var sikkert farga av den tida han skreiv det i – den kalde krigen og 1970-talet. Han såg ikkje mange felles trekk med Noreg eller nokre lyspunkt i det russiske samfunnet.<sup>92</sup> Det hang også saman med den famøse kongressen dei norske delegatane deltok på, i Moskva, der «Moskva-tesane» vart vedtatt. Dei skulle splitte arbeidarrørsla i åra som kom. Konferansen – som Gerhardsen mintest som «utrolig rotete» – var dominert av Lenin, Trotskij, Sinovjev, Bukharin og Radek. Det heile gjekk føre seg i eit Russland i «indre omveltning og krig».<sup>93</sup> Turen fekk elles eit frynsete omdømme i norsk presse, ettersom Alfred Madsen vart arrestert då han kom heim til Noreg, og politiet tok hand om 100.000 rubel i gull han hadde fått med seg frå Moskva for å styrke norsk sosialismebygging.<sup>94</sup>

### **Eit kraftsentrum for radikalisme og Tranmæls maktbase**

Vedtaket i Moskva vart skilsetjande og skulle ikkje berre skape eit skilje mellom Medby og Gerhardsen. Det norske Arbeidarpartiet vart prega i tida som kom. Mange av Medbys vener i Sulitjelma valte det mest radikale standpunktet. For Gerhardsen vart det feil. I 1911 karakteriserte Carl Bonnevie Sulitjelma ikkje berre for å vere eit «industriarbeidercentrum», men også «et centrum for arbeiderkultur og socialisme».<sup>95</sup> Då Olav Kringsen kom til Sulitjelma for å tale i 1913, var 2000 møtt fram for å lytte til 1. mai-talen.<sup>96</sup> Kanskje kom det av at mange medlemmar i Salten i Norsk Arbeidsmandsforbund og at Tranmæl og andre av dei mest radikale ofte var i Sulitjelma for å agitere? Kanskje kom det av at mange av gruve- og anleggsarbeidarane der, som Bull hevda, hadde blitt rykka opp av dei tradisjonelle næringane i ein rask og dramatisk industrialiseringsprosess?<sup>97</sup> Gjorde det dei meir opne for meir radikale tendensar enn dei som var meir vane med industrien, som Gerhardsen i Oslo? Slik har ein tenkt om det tidlegare, og debatten har stadig tatt nye vendingar. Her har det gått føre seg eit veksel spel mellom Tranmæl og arbeidarane i Sulitjelma. Han henta mye av si støtte her til venstredreiinga i partiet.<sup>98</sup>

Finn Olstad tok opp radikalisinga av arbeidarrørsla – ein aktuell diskusjon på 1970-talet – i Arbeiderhistorie i 2018. Her slår han til lyd for at den norske arbeidarrørsla på grunn av stemmerettsordningane var lite integrert i det andre politiske livet samanlikna med Sverige og Danmark, der sosialdemokratane måtte søkje alliansar også blant borgarlege parti for å vinne fram med reformer av stemmeretten. Dermed vart arbeidarrørsla nokså isolert i Noreg, og ved å følgje sine eigne interesser kunne den spele ut ein heilt annan, meir radikal politikk i Noreg. Kanskje kjentest denne isolasjonen endå sterkare i radikale miljø som Sulit-

91. Bye 2018: 554.

92. Gerhardsen 1974: 112–113, 114–115, 117.

93. Gerhardsen 1974: 117–118.

94. Holtsmark 1999: 14.

95. *Saltens Fremtid*, 1. november 1911.

96. *Saltens Fremtid*, 7. mai 1913.

97. Bull 1976: 3–28.

98. Olstad 2018: 127–141.

jelma og Salten? Olstad har dessutan forklart at arbeidarrørsla stod nokså svakt i Noreg kva medlemstal og organisering gjaldt. Unntaka var industristader som Sulitjelma, der organisjonsgraden må ha fortona seg som massiv. Trua på eigen styrke her kan såleis ha blitt langt sterkare enn mange andre stader.<sup>99</sup>

Nabokommunane til verkskommunen fekk også kjenning med radikale ideologiar som overrisla omlandet. I 1915 var Arbeidarpartiet største parti i både kommunane Beiarn, Fauske, Sørfold og Saltdal. I Beiarn og Sørfold hadde dei ordføraren og i Fauske reint fleirtal. Saltdal var ikkje like raudt, men partiet fekk varaordføraren då.<sup>100</sup> Sosialismen i Nordland skilte seg frå sosialismen lenger nord, der fiskarbondesbefolkninga slutta opp om Arbeidarpartiet for å ta eit oppgjør med handelsmenn og nessekongemonopol i ein kamp for ein ny næringspolitikk – den såkalla «fiskarbondesosialismen». I Salten hadde tradisjonnell marxistisk orientert ideologi med klassekamp sterkare fotfeste. Det handla om å skape eit rettigheitsorientert arbeidsliv med fagforeiningar, tariffavtalar og trygging av arbeids- og buforhold.<sup>101</sup> «Industriarbeidarsosialismen» var dominerande blant underklassane, mens bøndene tradisjonelt sokna til borgarlege parti, særleg Venstre. Sosialismen appellerte særleg til underklassane i og rundt dei nye industri- og gruvesamfunna i Nordland, som vi såg i fiskarbondesonen Medbys Saltdal, som første gong kom til Sulitjelma for å arbeide på anlegg i 1913.<sup>102</sup>

Sulitjelma fostra radikalisme. Levekåra var kritikkverdige. I 1911 kalla «K.K» smeltehytta «et offersted for menneskehelse».<sup>103</sup> Saltens Fremtid kalla staden «et jordisk helvede», der svovelrøyken velta seg tjukk og kvelande nedover dalen.<sup>104</sup> Martin Tranmæl skreiv sjølv i 1913 om eit «Zardømme» [sic], med referanse til Russland. Røyken frå smeltehytta hadde «kvalt saa at si al vegetation i nærheten», og når vinden var austleg, la «røken sig tung og trykkende over vandet og dets omgivelser. Naar man aapner munden, føler man en ram svovelsmak».<sup>105</sup> Bustadforholda var slette, nærmast «elendige rønner» der snøen «føk ind baade gjennom gulvet og taket og væggene», skreiv Tranmæl.<sup>106</sup> Ulykker tok også liv, som i 1911 då lossarar hamna under ein frozen kishaug på Finneid. Den eine vart kvelt. Den andre knuste hjerneskallen.<sup>107</sup>

Sulitjelma-selskapet som dreiv gruver, transportanlegg og hamn frå Sulitjelma til Finneid, skapte ein klassisk «company town».<sup>108</sup> Dei hadde trengt inn i eit aude område mot svenskegrensa og rådde no over transport, brakker, arbeid og velferd frå hamn til gruve i eit selskapsstyrt regime. Tranmæl såg det klårt. Her kom sosiale skilje og klassemotsetnader til syne. Når arbeidarane skulle reise via Finneid med lokalbåten, kjente dei på sitt mindreverd. Tranmæl skildra det:

I denne tid – den mørkeste og uhyggeligste del av natten, 4 stive timer – maa folk gaa og vente. Der findes intet venteværelse eller noget sted hvor folk kan ta ind. Det er at staa eller gaa ute i blaast, regn og bitende kulde. For funktionærer og velstillede personer er det ikke saa farlig. De

99. Olstad 2018: 130–133.

100. Rønnebu 2020: 94–95.

101. Lundestad 1990: 187; Fuglestad 1984: 53–54.

102. Lundestad 1990: 187.

103. *Saltens Fremtid*, 22. november 1911.

104. *Saltens Fremtid*, 31. juli 1912.

105. Tranmæl 1913b.

106. *Saltens Fremtid*, 8. januar 1913.

107. *Saltens Fremtid*, 29. november 1911.

108. Porteus 1970: 129.

er godt klædt og mætte, og for dem staar hotellet aapent. Men anderledes for fattigfolk som ofte er snaut klædt og halvsltne og som kanske ovenikjøpet har kvinder og barn med sig.<sup>109</sup>

Vel om bord i selskapet sin båt til Sjønstå stuva arbeidarane seg saman ute på dekk. Lugaren var reservert for funksjonærar. Regelen var at han skulle vere stengt om det ikkje var funksjonærar med. Tranmæl kritiserte dette og det at helgerutene sjeldan korresponderde med anna transport helgependlande arbeidsfolk brukte. Slik tapte arbeidarane verdifull tid og pengar. Funksjonærane derimot, fekk sett opp ekstrabåt ved behov. Slik rakk dei rutebåten på Finneid. Tranmæl spurte retorisk kor lenge det skulle vere slik. Når ville arbeidarane vakne og forstå sin «ret og pligt og kræve sin rettmessige andel av livets goder»? «Arbeiderne er en langmodig og undvikende race. Derfor kan overklassen her behandle dem saa ovelgent og brutalt.»<sup>110</sup> Skriveria til Tranmæl fekk følgjer. Helgerutene korresponderde betre med andre ruter, og det styrka hans posisjon i regionen. På folkemunne i Salten vart helgeruta kalla «Tranmæl-ruta» etter endringane.<sup>111</sup>

Tankane til *Fagopposisjonen av 1911* – Tranmæls hjartebarn – slo tidleg rot i Sulitjelma, og arbeidarpartiorganet Nordlands Social-Demokrat<sup>112</sup> – etablert i Sulitjelma i 1910 – tok opp hansken og støtta den nye retninga.<sup>113</sup> Med LO-kongressen i 1920 vann denne venstreorienterte linja gjennom i fagrørsla.<sup>114</sup> Tranmæl oppdaga tidleg Sulitjelma, og han drog ofte dit som agitator på brakkene for å møte arbeidarane i politiske møte og medlemsverving, og teikning av abonnement på Trondheims-avisa Ny Dag. Dessutan skipa han fagforeiningar. Sjølv var han mektig imponert over miljøet i Sulitjelma der fagforeiningar kunne ha 500 medlemmar, og han kunne teikne 200 nye abonnement på Ny Dag. Sulitjelma hadde eit politisk og organisatorisk potensial som han brukte for å bygge seg ei eigen maktbase i arbeidarrørsla.<sup>115</sup>

## Avismann for NKP

Etter affæren i Sulitjelma og fengselsssoninga i 1918–19 gjekk Medby aldri tilbake som gruvearbeidar. Han vart avismann. Først vart han forretningsførar i Gjøvik-avisa Ny Dag – «Organ for arbeidere og smaabrukerer på Vest-Opland» – frå 1921–22.<sup>116</sup> Så vart han redaktør for Akershus Arbeiderblad i Lillestrøm. Det vart eit kort stopp. Her skulle han hamne midt i striden om «Moskva-tesane» i 1923. Diskusjonen som splitta arbeidarrørsla, handla om tilknytinga til Moskva, der fleirtalet av medlemmar, lag og arbeidaraviser knytt til Det norske Arbeidarpartiet valte å bryte med Den kommunistiske internasjonale.<sup>117</sup>

Harald Hals har skildra striden i Arbeidarpartiet på Lillestrøm der Medby arbeidde. Han stod midt i striden og fekk valet mellom NKP og Arbeidarpartiet. For Medby var det eit vanskeleg val, og han valte først eit mellomstandpunkt. Hals meiner han ville prøve å halde partiet samla, men då splittinga var eit faktum, måtte han velje side, og han fall ned på NKP

109. Tranmæl 1913a.

110. Same stad.

111. *Saltens Fremtid*, 17. september 1913.

112. Saltens Fremtid frå 1911–14, Nordlands Social-Demokrat (1914–22) så Nordlands Fremtid (1922–45) – Nordlands Framtid (1945–2002). I dag saman med Nordlandsposten til Avisa Nordland.

113. *Saltens Fremtid*, 5. juli 1913.

114. Gerhardsen 1974: 121.

115. Zachariassen 1979: 75–76.

116. *Ny Dag*, 30. juni 1923.

117. Egge 2003: 229.

på sitt lågmælte, litt lidande vis. Det fekk følgjer for jobben i arbeidarpartiavisa, for tredje juledag 1923 troppa representantar frå Arbeidarpartiet opp i redaksjonslokalet. Dei skulle ha avisa tilbake og overta redaksjonen. Medby signerte avskjedspapira og let redaksjonslokala i Arbeidarpartiets varetekts.<sup>118</sup>

Einar Gerhardsen var med i delegasjonen av arbeidarpartifolk denne juledagen. Også Gerhardsen har memorert over dei same hendingane der han, Medby og Alfred Madsen møttest til duell i redaksjonslokalet i Lillestrøm. Madsen og Gerhardsen kom ein kveld «og tok uten videre over avisens lokale og trykkeri», minnest Gerhardsen. Medby protesterte, men «måtte gi det hele fra seg», skreiv han nokså avmålt vidare.<sup>119</sup>

Reaksjonane i samtidene frå kommunistane på denne episoden var derimot meir emosjonnell. «Organ for Møre Fylkes kommunistiske parti» – Møre Arbeiderblad – kalla fleirtalsfraksjonen «kuppmakere», «Tranmæliterne» og «høirekommunister». Dei hadde gjennomført eit «komplott», eit «fascistkupp». Gerhardsens bande var samanlikna med ein «bande borgerlig politi».<sup>120</sup> Deira versjon av hendingane var at Medby vart kravd truskap overfor Arbeidarpartiet, og at han måtte kjempe mot Den kommunistiske internasjonale, noko Medby ikkje ville. Hans gamle ven Alfred Madsen proklamerte derfor at det var tilsett ein ny forretningsførar og redaktør, og det vart kunngjort i morgondagens avis. Medby ga seg utan kamp, men under intermessoen vart det «slynget insinuasjoner og haansord i ansiktet» hans. Kommunistane kalla det ein «skjændselssdaad». No måtte alle kommunistar derfor bu seg på «selvforsvar» mot «Tranmæliterne», som heller gjekk laus på eigne folk enn på «arbeiderklassens fiender».<sup>121</sup>

Medby fekk også kritikk frå kommunistpressa. Den nye redaktøren i organ for NKP i Nordland, Friheten (Bodø), Alfred Skar frå Sørfold, hevda at Medby «solgte sin overbevisning». Det hadde komme Skar for øret at han hadde vore villig til å gå langt for å halde på jobben og i det lengste ville samle arbeidarane i DNA. «Mannen med den revolusjonære fortid» hadde ifølgje Skar selt si «overbevisning for en redaktørplass» i Lillestrøm.<sup>122</sup> Skars kritikk vart spreidd via arbeidarpartipressa blant anna via Arbeiderbladet (tidligare Social-Demokraten), som fryda seg over at angrepa på Medby kom frå hans eigne, og la til at han trass sine samlingsinitiativ med DNA seinare hoppa vidare til ei ny kommunistavis på Ski, Akershus Folkeblad – kommunistane sin konkurrent til Akershus Arbeiderblad våren 1924.<sup>123</sup>

Leif Thingsrud såg nærmare på dei politiske prosessane på Nedre Romerike i denne tidsperioden. Der forte Kominterns 4. kongress si skjerping av «Moskvatesene» til at fagrørsla stod overfor vanskelege val.<sup>124</sup> I Kominterns tenking gjaldt det å kjempe med alle middel mot «revisjonistiske element» og luke dei ut frå eigne rekker, og skape eit lite, men disiplinert parti som skulle kjempe seg til posisjonar gjennom ein allianse med bøndene, som i Russland. Utan sterk internasjonal disiplin, sterk organisering og felles taktikk og underordning ville det vere uråd å gjennomføre verdsrevolusjonen, var tanken ifølgje Thingsrud.<sup>125</sup>

Nasjonalt hadde Tranmæl svart på kravet med sitt «Kristiania-forslag», og Ole Øisang frå Kristiansand fremja så et sentrumsalternativ som arbeidarpartiet på Nedre Romerike hadde

118. Hals 1978: 128.

119. Gerhardsen 1974: 176–177.

120. *Møre Arbeiderblad*, 8. januar 1924.

121. Same stad.

122. Alfred Skars innlegg i *Friheten* gjengitt av *Arbeiderbladet*, 24. januar 1924.

123. *Arbeiderbladet*, 24. januar 1924.

124. Thingsrud 1988: 21.

125. Same stad.

støtta og Medby forsvarte i 1923.<sup>126</sup> Då dette utspelet fall og splittinga var eit faktum, vart det lagt bort. Då hadde det store fleirtalet alt valt eit av dei to andre alternativa og investert prestisje i det, i tillegg til at fleire sentrale folk, som historikaren Edvard Bull d.e. kalla sentrumsalternativet, «en appell til feigheten og halvheten».<sup>127</sup> Det var denne kritikken Skar spann vidare på, og som ramma Medby.

Prøvde så Medby å ri to hestar? Nei, primært handla det om å halde partiet samla, men ikkje for ein kvar pris. Han hadde vore i Russland og sett korleis revolusjon hadde skapt ei glød blant arbeidsfolk i Noreg, men skjønte samstundes, som kritikarane av Komintern, at Noreg var annleis enn Russland. Åsmund Egge, Finn Olstad og Jorunn Bjørgum diskuterte ulike perspektiv på årsaka bak splittinga i 1923 i Historisk Tidsskrift i 2004. Var det ein konflikt mellom «federalistar» eller «sentralistar – representert med høvesvis to motstridande fløyer bak Olav Scheflo og Martin Tranmæl»?<sup>128</sup> Bjørgum hevdar det oppstod eit maktvakuum i partiet etter at Kyrre Grepp døydde i 1922 mellom nettopp Scheflo og Tranmæl, og at Komintern berre vart brukt som eit påskot for fløyene i kampen om makta i partiet.<sup>129</sup> Spelet til Medby i denne situasjonen kan tyde på at Bjørgum kan ha nokre vesentlege poeng. Han ville prøve å halde gruppa samla og slutta seg til det han oppfatta som eit samlande kompromiss. Egge peikar på si side på krava frå Komintern om tilslutning til Moskva-tesane som den alt vesentlege, ja, den einaste grunnen til splittinga. Finn Olstad meiner på si side at konflikten krev «nye alternative innsikter», og opnar for at ein også må forstå at Tranmæl ville ha revolusjon i Noreg i 1921, men då Moskva stilte seg negativ til det då, valte Tranmæl å snu ryggen til Moskva.<sup>130</sup>

For Medby sin del kan det sjå ut som om Egges forklaring kan vere mest dekkande, i og med at han valte å følgje Moskva-tesane og vart tru mot den revolusjonære linja som Tranmæl og det sosialdemokratiske ungdomsforbundet hadde prenta inn i gruvearbeidarane og medlemmane i Arbeidsmandsforbundet nordpå. Men det var då splittinga var eit faktum. På den andre sida vart han då ein aktiv deltagar i ein kamp mellom to fraksjonar, slik Bjørgum også meiner det heile vart. Men mest av alt kan det verke som om Medby alt hadde investert prestisje og kjensler i den radikale retninga. Han var komme til sitt politiske Rubicon. Loddet var kasta. Feltet Medby hadde virka innafor var prega av ein annan logikk enn Tranmæl og Gerhardsen, og med si regionale forankring hadde han ein heilt annan habitus. Han kunne ikkje svikte sine vene i det sosialdemokratiske ungdomsforbundet eller dei eigensinnige gruve- og anleggsarbeidarane i nord.<sup>131</sup> Dei valte for ein stor grad å bli verande tru mot sine revolusjonære idear når dei måtte velje.

Då splittinga i DNA og NKP var eit faktum, vart Medby involvert i kampane i Lillestrøm. Først sytte han for at det ikkje i første omgang vart votert over eit framlegg om å velje mellom NKP og DNA i eit medlemsmøte på Lillestrøm, men då avgjerda måtte takast tre veker seinare, då sentrumsalternativet var lagt daudt, valte fleirtalet der DNA. Det kom for ein stor del av at fagforeiningane i Lillestrøm alt var kollektive medlemmar i DNA. Enkelt-medlemmar som var kritiske til landsmøtefleirtalet gjekk elles inn i NKP. Miljøet Medby var del av, bestod av unge medlemmar som alt var sterkt knytt til Norges Socialdemokratiske Ungdomsforbund med sitt kjerneområde i Oslo og Akershus, og storparten av desse

126. Torhaug 2007: 25, 86, 88, 92.

127. Thingsrud 1988: 22.

128. Egge 2003: 229–230.

129. Bjørgum 2004: 279.

130. Olstad 2004: 307–308.

131. Mellom anna Egge 1995; Egge & Roginskij 2006.

ungdommene gjekk til NKP.<sup>132</sup> Medby sokna til dette miljøet og følgde sentralleddet i Ungdomsforbundet som valte NKP.<sup>133</sup> Thingsrud meiner det låg latente skilje mellom dei ulike bygdene på Romerike då Medby kom til Lillestrøm. For Medby var desse neppe av stor verdi. Han var nettopp komme dit og hørte heime i arbeidarungdomslaget i Oslo. Saman med venene frå Salten, som Lars Næss, smeden på Rognan, og skiløpar og guide frå flukta frå gardesoldatane i 1918, Karl Bottenvann, og andre aktivistar frå «Sulitjelma-affæren», som Martin Meisfjord og Bernhard Nymo, valte Medby NKP.

### **Medbys vegval etter 1923 – ei forklaring**

Viss vi så ser på Medbys val i lys av diskusjonane kring eigensinn og Bjørgum, Egge og Olstads debatt, men først og fremst ser på erfaringane til dei ulike aktørane, er det ikkje vanskeleg å sjå korfor Medby valte den leia han gjorde etter 1923. Han hørte til i eit spesielt miljø langt frå makta sitt sentrum i arbeidarrørska. Han hadde gjort seg visse subjektive erfaringar i og saman med folk frå dette miljøet. Nettverket av politiske støttespelarar tilhørde også folk med same bakgrunn, som hadde vore gjennom mange av dei same kulturelle, sosiale og politiske prosessane for konstruksjon av meinings i livet sitt.



Frå Norges Kommunistblads redaksjon i Oslo, september 1926. Foran sit Carsten Aasebøe og Johan Medby. Bak: Rigmor Larsen og Ingeborg Larsen. Foto: Ukjend / Norges Kommunistblad / Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

132. Torhaug 2007.

133. Thingsrud 1988: 22.

For Medby vart det eit val for livet. Hans lojalitet låg hos dei «eigenisinnige» slitarane i gruvene og på anlegga. Han hadde dessutan sett konsekvensane av revolusjonen på nært hald i Russland. Det hadde gjort han oppglødd og positivt innstilt til kommunismen. Han var dessutan sterkt idealistisk, gjekk i fengsel for sine meiningar om det skulle vere, og litt av ein romantikar. No stod lojaliteten overfor Den kommunistiske internasjonale på spel, og ved at han alt hadde opparbeidd seg ein plass på venstresida i norsk arbeidarrørsle var han ettertrakta i den vidare kampen. Tranmæl og Gerhardsen kan kanskje stå som to motsetningar til den «eigenisinnige» Medby. Dei var sterke integrert i den breie, meir moderate arbeidarrørsla. Rett nok hadde begge vore på venstresida, men no snudde dei ryggen til dei mest radikale gruppene, representert med Medby. Han stod igjen som ein lojal idealist og alliert av anleggs- og gruvearbeidarane – ei utejma gruppe pionerar i norsk arbeidarrørsle som i mange år skulle stå for ei meir hardstempt linje basert på fagrørlas kampkrav framfor pragmatisk politikk og sjølvstendigheit frå Moskva. På det viset er det kanskje rett å hevde at Tranmæls val var prega av eit taktisk spel om leiinga i Det norske Arbeidarpartiet, som Jorunn Bjørgum har hevd. Samstundes syner Medbys veg, som kontrast til Tranmæls, at andre, meir samansette faktorar også kan spele inn på dei ideologiske vala til enkeltpersonar, slik Finn Olstad har hevd. Likevel var det slik at det var Moskva-tesane som tvang fram det endelege vegvalet til Medby, slik Egge òg har hevd.

## Litteratur

- Agøy, N. I. (1997). *Militærretaten og «den indre fiende» frå 1905 til 1940. Hemmelige sikkerhetsstyrker i Norge sett i et skandinavisk perspektiv*. Universitetsforlaget.
- Alarm*. (1921, 21. januar)
- Arbeiderbladet*. (1924, 24. januar)
- Arbeidsmannen*. (1959, nr. 7/8)
- Bjørgum, J. (1976). Fagopposisjonen av 1911. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* 1(1), 63–131.
- Bjørgum, J. (2004). Hvorfor ble Arbeiderpartiet splittet i 1923? En kommentar til Åsmund Egge. *Historisk Tidsskrift*, 83(2), 279–306.
- Bjørnson, Ø. (1990). *Arbeiderbevegelsens historie i Norge: Bind. 2. På klassekampens grunn 1900–1920*. Tiden Norsk forlag.
- Bodø Tidende*. (1918, 26. oktober; 31. oktober)
- Bottenvann, K. (1935, 29. november). På flukt fra det norske militærvesen. *Nordland Arbeiderblad*.
- Bourdieu, P. (1995). *Distinksjoner. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Pax Forlag.
- Bull, E. (1976). Arbeiderbevegelsens stilling i de tre nordiske land 1914–1920. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 1(1), 3–28.
- Bye, A. (2018). *Arne Paasche Aasen. Fra verdensrevolusjon til de nære ting*. Aschehoug.
- Carr, W. (1991). *A History of Germany 1815–1990*. Edward Arnold.
- Dagbladet*. (1918, 23. april)
- Dagens Nyt*. (1917, 8. september)
- Dahl, H. (1983). *Rjukan: Bind. 1. Fram til 1920*. Tinn kommune.
- Dunderlandsdølen*. (1917, 22. august)
- Egge, Å. (1995). *Komintern og krisen i Det norske Arbeiderparti*. Universitetsforlaget.
- Egge, Å. (2003). Hvorfor ble Arbeiderpartiet splittet i 1923? *Historisk Tidsskrift*, 82(3), 229–262.
- Egge, Å. & Roginskij, V. (Red.). (2006). *Komintern og Norge. DnA-perioden 1919–1923*. Unipub Forlag.
- Eley, G. (1989). Labor History, Social History, «Alltagsgeschichte»: Experience, Culture, and the Politics of the Everyday – a New Direction for German Social History? *The Journal of Modern History*, 61(2), 297–343.

- Finnmarken.* (1920, 8. mars; 18. mars)
- Friheten.* (1928, 28. september)
- Fuglestad, N. H. (1984). Omkring arbeiderbevegelsens framvekst i Nord-Norge. Om forskningsstatus og til innledning. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 9(1), 9–61.
- Fure, O. (1983). *Mellom reformisme og bolsjevisme. Norsk arbeiderbevegelse 1918–1920. Teori praksis* [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Bergen.
- Gerhardsen, E. (1974). *Unge år. Erindringer fra århundreskiftet fram til 1940.* Tiden Norsk Forlag.
- Hals, H. (1978). *Lillestrøms historie: Bind 1.* Skedsmo kommune.
- Helgelands Blad.* (1917, 16. august; 1918, 22. oktober; 24. oktober; 26. oktober)
- Hodne, Ø. (2006). *For konge og fedreland.* Cappelen Damm.
- Holtsmark, S. (1999). *Gullet fra Moskva: Sovjetisk pengestøtte til norske kommunister 1917–1990* (IFS Info 2). Institutt for forsvarsstudier.
- Horgby, B. (1993). *Egensinne og skötsamhet. Arbetarkulturen i Norrköping 1850–1940.* Carlssons bokförlag.
- Jensen, I. M. (2020). Fagbevegelsens framvekst i Salten fram til 1940. I S. Aas (Red.), «Andre Tider i Norge nu». *100 års historie sett fra Folkets Hus Bodø 1920–2020.* Orkana Akademisk.
- Johansen, P. O. (1982). Da Generalstaben var overvåningspoliti. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 7(2), 9–52.
- Lorenz, E. (1974). *Arbeiderbevegelsens historie 1789–1930.* Pax Forlag.
- Lundestad, S. (1990). Fiskerbønder, arbeidere og arbeiderbevegelse i Nordland og Troms 1900–1940. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 13(1), 174–200.
- Lundestad, S. (2013). Ei arbeideravis utfordrer borgerlig dominans. I W. Karlsen & S. Lundestad (Red.), *Start pressen! Avisene i Bodø gjennom 150 år.* Akademika Forlag.
- Lüdtke, A. (1985). Organizational Order or Eigensinn? Workers privacy and Workers politics in Imperial Germany. I S. Wilentz (Red.), *Rites of Power. Symbolism, Ritual, and Politics Since the Middle Ages.* University of Pennsylvania Press.
- Mardal, M. A. & Opsahl, E. (2021). Skottetoget. I *Store norske leksikon.* <https://snl.no/Skottetoget>
- Medby, J. (1920, 26. april). Nord-Russland etter revolutionen. *Social-Demokraten.*
- Medby, J. (1935). Klassekamp og rallarliv. Spredte trekk av grube- og anleggsfolkets saga i Norge. III. «Grubebjene». – Et helstøpt folkeferd. – Renhårigheit. Sulitjelma-anekdoter. *Arbeidsmannen*, nr. 11.
- Medby, J. (1948). Da gruvefolket i Sulitjelma «gjorde revolusjon». Minner fra de dramatiske hendingene i Nord-Norge 1917–18. *Arbeidsmannen*, nr. 2/3.
- Merriman, J. (2010). *A History of the Modern Europe. From Renaissance to the Present.* W.W. Norton & Company.
- Mørck, S. (2015, 25. august). Russere på overfylt båt flyktet fra revolusjonen. I Norge var mange fiendtlige til flyktninger. *Aftenposten.* <https://www.aftenposten.no/norge/i/1kVE/russere-paa-overfylt-baat-flyktet-fra-revolusjonen-i-norge-var-mange-fi>
- Møre Arbeiderblad.* (1924, 8. januar)
- Nag, M. (2004). *Rudolf Nilsen – norsk arbeiderklasses geni- og yndling.* Falken Forlag.
- Nordlandsposten.* (1918, 16. april; 9. november)
- Nordlands Social-Demokrat.* (1917, 16. mai; 23. mai; 1918, 9. april; 12. april; 15. april; 29. mai)
- Norges Kommunistblad.* (1927, 28. februar)
- Ny Dag.* (1923, 30. juni)
- Odlaug, K. (1956). *Norsk Arbeidsmandsforbund gjennom 60 år: Bind 2.* Tiden Norsk Forlag.
- Olstad, F. (2004). Tradisjon og fornyelse. Tilsvar til Åsmund Egge. *Historisk Tidsskrift*, 83(2), 307–314.
- Olstad, F. (2018). Spørsmålet om revolusjon i Norge og Skandinavia 1917–1921. *Arbeiderhistorie*, 22(1), 127–141. <https://doi.org/10.18261/issn.2387-5879-2018-01-08>

- Ottosen, R. (2010). *Norsk presses historie: Bind. 2. Parti, presse og publikum 1880–1945*. Universitetsforlaget.
- Porteus, J. D. (1970). The Nature of the Company Town. *Transactions of the Institute of British Geographers*, 51(Nov.), 127–142.
- Ranens Folkeblad. (1917, 23. august)
- Rønnebu, G. (2020). Fram i indre styrke. Arbeiderbevegelsen i Bodø og Salten før 1940. I S. Aas (Red.), «Andre tider i Norge nu». 100 års historie sett fra Folkets Hus Bodø 1920–2020. Orkana Akademisk.
- Saltens Fremtid*. (1911, 1. november; 22. november; 29. november; 1912, 31. juli; 1913, 8. januar; 7. mai; 5. juli; 17. september)
- Selliaas, A.-E. (1982). Politisk politi i Norge 1914–1937. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 7(2), 53–91.
- Skogheim, D. (1987). *Arbeidsfolk. Et jubileumsskrift for Det norske arbeiderparti 100 år*. Nordland Arbeiderparti.
- Social-Demokraten*. (1918, 13. april; 17. april; 1920, 23. august)
- Strøm, J. (1986). Johan Medby. *Fauskeboka. Årbok for Fauske*, 77–93.
- Sundvall, E. W. (2016). *Gerhardsens valg. Arbeiderpartiets tunga avskjed med Sovjetunionen 1917–1949*. Gyldendal.
- Thingsrud, L. (1988). Splittelsene i Det norske Arbeiderparti på Nedre Romerike i mellomkrigstida. *Arbeiderbevegelsens historielag i Akershus. Årbok 1988*, 13–35.
- Tidens Tegn*. (1918, 11. april)
- Torgeirson, R. & Hansen, A. G. (1918). *Haandbok i studie- og lagsarbeidet*. Norges Socialdemokratiske Ungdomsforbunds Forlag.
- Torhaug, M. (2007). *Fra Kristiania-forslag til partisplittelse. Ungdomsforbundets rolle i splittsesprosessen i Arbeiderpartiet fra mars til november 1923* [Masteroppgåve]. Universitetet i Oslo.
- Tranmæl, M. (1913a, 13. september). Finneid-Sulitjelma. Skandaløse transportforhold. *Saltens Fremtid*.
- Tranmæl, M. (1913b, 17. september). Sulitjelma-Zardømmet alias «Laplands helvede». *Saltens Fremtid*.
- Trondhjem Adresseavis*. (1918, 13. april). Demonstrationerne igaar.
- Trøndelagen*. (1918, 18. april)
- Zachariassen, A. (1979). *Martin Tranmæl. Tiden*.
- Østerberg, D. (1995). Innledning. I Bourdieu, P., *Distinksjoner. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Pax Forlag.
- Aaberge, R., Atkinson, A. B. & Modalsli, J. (2020). *Estimating long-run income inequality from mixed tabular data: Empirical evidence from Norway, 1875–2017* (Discussion Papers No. 928). Statistisk sentralbyrå. [https://ssb.brage.unit.no/ssb-xmlui/bitstream/handle/11250/2654592/DP928\\_web.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ssb.brage.unit.no/ssb-xmlui/bitstream/handle/11250/2654592/DP928_web.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Aas, S. (2020). På veg mot det «tillitsbaserte» samfunnet. I P. B. Ravnå, B. R. Mathisen & S-H. Jørgensen (Red.), *Meningsdanning, deltagelse og kommunikasjon i demokratiske samfunn*, (s. 27–53). <https://doi.org/10.33673/OOA20204>